

**Møteprotokoll**

Utval:	Vaksdal kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Heradshuset, Kommunestyresalen
Dato:	01.03.2023
Tid:	14:00 - 17:15

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Vegar Sellevold	Leiar	AP
Anne Christin Eide	Nestleiar	AP
Bjart Magnus Rosvold	Medlem	KRF
Anneli Vatle Lilletvedt	Medlem	H
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte**Namn Stilling**

Kari Gåsemyr Forvaltningsrevisor i Deloitte, t.o.m. sak PS 03/23
Roald Breistein Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Vegar Sellevold
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 23.11.2022	2022/132	
	Politiske saker		
PS 1/23	Årsmelding 2022 - kontrollutvalet i Vaksdal kommune	2022/136	
PS 2/23	Bestilling av forvaltningsrevisjon 2023	2022/242	
PS 3/23	Møteplan kontrollutvalet 2023	2022/213	
PS 4/23	Gjennomgang av møteprotokollar 01.03.2023	2022/133	
PS 5/23	Eventuelt	2022/137	
	Referatsaker		
RS 1/23	Budsjett kontrollutvalet 2023	2022/160	
RS 2/23	FKT - Fagkonferanse 2023	2022/15	
RS 3/23	Nytt fra fra FKT februar 2023	2022/15	

GK 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 2/23 Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 23.11.2022

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune 23.11.2022 vert samrøystes godkjent.

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune 23.11.2022 vart samrøystes vedteke.

PS 1/23 Årsmelding 2022 - kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Vaksdal kommune

PS 2/23 Bestilling av forvaltningsrevisjon 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan.....
2. Kontrollutvalet ber BDO levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber BDO levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 13.03.2023.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i sitt møte 12.04.2023.

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ved ein feil er det skrive BDO i punkt 2 og 3 i forslag til vedtak, det skal sjølvsagt stå Deloitte.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om å be Deloitte gjennomføre forvaltningsrevisjon innan barnehage.

Utvalet kom vidare med slike problemstillingar/moment dei ønskjer svar på i samband med forvaltningsrevisjon av barnehage:

- Tilstrekkeleg bemanning
- Vikarbruk
- Bruk av elektroniske hjelpemiddel
- Kompetanse
- Barnehagedekning
- Sjukefråvær
- Turnover
- Inneklima? Miljøretta helsevern
- Internkontrollsystem
- Tidlig innsats - PPT
- Barn med risiko

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan barnehage
2. Kontrollutvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 13.03.2023.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i sitt møte 12.04.2023.

PS 3/23 Møteplan kontrollutvalet 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2023:
 - 01.03.2023
 - 12.04.2023
 - 10.05.2023
 - 13.09.2023
 - 22.11.2023

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2023:

- 01.03.2023
- 12.04.2023
- 10.05.2023
- 13.09.2023
- 22.11.2023

PS 4/23 Gjennomgang av møteprotokollar 01.03.2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var planlagt at desse møteprotokollane skulle gjennomgås i dette møtet:

- Kommunestyret 13.12.22, 31.01.23 og 21.02.23
- Formannskapet 22.11.22, 29.11.22, 17.01.23 og 07.02.23
- Levekårsutvalet 06.12.22

Det kom fram at møteprotokoll frå møte i formannskapet 07.02.2023 og møteprotokoll frå kommunestyret 21.02.2023 ikkje er lagt ut på Vaksdal kommune si heimeside før møtet. Gjennomgang av desse protokollane vert difor utsett til neste møte. Kontrollutvalet ber også om at dette vert tatt opp med kommunedirektør.

Det kom vidare fram at medlemmene i kontrollutvalet ikkje får tilgang i politikarportalen til sakene til alle dei andre politiske utvala i Vaksdal kommune. Kontrollutvalet ønskjer å få slik tilgang og ber om at det vert teke opp med kommunedirektør.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Møteprotokoll frå møte i formannskapet 07.02.2023 og møteprotokoll frå møte i kommunestyret 21.02.2023 var ikkje tilgjengeleg på Vaksdal kommune si heimeside før møtet. Gjennomgang av desse protokollane vert difor utsett til neste møte.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør vert gjort merksam på dette med tanke på å få protokollane lagt ut på heimesida.
3. Kontrollutvalet ber om å få tilgang i politikarportalen til sakene til alle dei andre politiske utvala i Vaksdal kommune.
4. Elles vart møteprotokollane teke til orientering.

PS 5/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

1. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I starten av møtet orienterte Rikke Haagensen frå administrasjonen kontrollutvalet om rutinar for reiserekningar, møtegodtgjersle mv. Det kom fram at medlemmene må fylle ut skjema som ligg i kommunestyresalen for kvart møte og levere det til politisk sekretariat.

Etter dette gjennomførte Deloitte ved Kari Gåsemyr eit 2-timars kurs i "Organisatorisk internkontroll" for kontrollutvalet, administrasjonen og politikarar.

Forvaltningsrevisjon av plan og byggesak:

Leiar i kontrollutvalet etterlyste at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av plan og byggesak ikkje var på saklista til dette møtet sjølv om det var avtalt i forrige møte at rapporten skulle leverast innan 18.01.2023. Kar Gåsemyr orientert om at rapporten diverre var ytterlegare forseinka grunna m.a. langtidssjukdom i Deloitte. Ho hadde orientert sekretariatet munnleg om dette. Kontrollutvalet hadde sett det som ei føremon at dei hadde vorte orientert om forseinkinga før møtet.

Journalføring mv. i Vaksdal kommune:

Anne Christin Eide (Ap) tok opp slik erfaring med for sein/manglande journalføring i Vaksdal kommune:

Under saka «Prosjekt for ov-anlegg og idrettsbane på Vaksdal», som skulle opp som lukka sak i Formannskapet (27/2023 – 23/1071) den 07.02.23, bad eg om innsyn i dei dokumenta som låg ved saka i møteplanen til Vaksdal kommune (som ligg på kommunen sine heimesider). Desse som var offentlege, men ikkje publisert. Dokumenta fekk eg tilsendt same dag eg etterspurde dei. Det eg reagerte på var at eit av breva «Geoteknisk vurdering av idrettsplass Vaksdal», som var datert 24.02.22, fyrst var journalført 28.07.22. Det andre brevet, «Skade som ikkje dekkes av

byggningsforsikringer», var datert 07.03.22, men også dette journalført 28.07.22. Det viste seg i tillegg at disse dokumenta ikkje låg ved i møteportalen til politikarane der Formannskapet får sine saker lagt ut til møte. Vedlegga låg heller ikkje ved i møteportalen til kommunestyret når dei skulle handsama same sak i møte 21.02.23.

Under viser journaldatoane slik dei ligg ute under møteplanen på heimesidene til Vaksdal kommune.

22/3217 - Skade som ikke dekkes av byggningsforsikring

Journaldato: 28.07.2022 Avsender(ar): Gjensidige Forsikring ASA

Dokumentet er offentlig, men ikkje publisert.

22/3223 - Stabilitetsvurdering av idrettsbane

Journaldato: 28.07.2022 Avsender(ar): Sweco Norge AS

Dokumentet er offentlig, men ikkje publisert.

På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om å be kommunedirektør komme i møte 12.04.2023 for å orientere om rutinar for journalføring mv. i Vaksdal kommune.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem i møte 12.04.2023 for å orientere om rutinar for journalføring mv. i Vaksdal kommune.

RS 1/23 Budsjett kontrollutvalet 2023

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 2/23 FKT - Fagkonferanse 2023

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at dei faste medlemmene i utvalet som ønskjer å delta på FKT sin fagkonferanse i Trondheim 31.05. - 01.06.2023 kan ta kontakt med Einar Ulla i sekretariatet med tanke på påmelding og bestilling av reise.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Dei faste medlemmene i kontrollutvalet som ønskjer å delta på FKT sin fagkonferanse i Trondheim 31.05. - 01.06.2023 kan ta kontakt med Einar Ulla i sekretariatet med tanke på påmelding og bestilling av reise.

RS 3/23 Nytt fra fra FKT februar 2023

Saksprotokoll 01.03.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.